

Tysnes kommune



ÅRSMELDING

for

2003

Handsama i Tysnes kommunestyre 4. mai 2004

| | | | | |
|----------------|---------------|------------------|-----------------------|--------------------|
| <i>Saksnr.</i> | <i>Dok.nr</i> | <i>Arkivkode</i> | <i>Avd/Sek/Saksh</i> | <i>Dykkar ref.</i> |
| 03/00936 | 002336/04 | 001 | FSK/FEL/AUHO/JOSE/esl | |

ÅRSMELDING 2003

| | | |
|--|------|----|
| Innleiing | side | 3 |
| 1. ØKONOMI | " | 4 |
| 1.1 Budsjettavvik..... | " | 4 |
| 1.2 Utvikling i frie inntekter..... | " | 4 |
| 1.3 Utgifter og inntekter etter art..... | " | 5 |
| 1.4 Renterisiko | " | 5 |
| 1.5 Pensjonskostnader | " | 5 |
| 2. ÅRSRAPPORT FOR SEKTORANE | " | 6 |
| 2.1 Sentraladministrasjonen | " | 6 |
| 2.1.1 Organisasjon..... | " | 6 |
| 2.1.2 Politisk aktivitet..... | " | 7 |
| 2.1.3 Økonomisk resultat | " | 7 |
| 2.1.4 Oppnådde resultat i høve til handlingsprogram | " | 8 |
| 2.1.5 Samla vurdering | " | 12 |
| 2.2 Undervisning | " | 12 |
| 2.2.1 Organisasjon..... | " | 12 |
| 2.2.2 Politisk aktivitet..... | " | 13 |
| 2.2.3 Økonomisk resultat | " | 13 |
| 2.2.4 Oppnådde resultat i høve til handlingsprogram | " | 13 |
| 2.2.5 Samandrag..... | " | 16 |
| 2.3 Helse og sosial..... | " | 16 |
| 2.3.1 Økonomisk resultat | " | 16 |
| 2.3.2 Utviklingstrekk for etaten..... | " | 17 |
| 2.3.3 Helseavdelinga | " | 17 |
| 2.3.4 Sosialavdelinga..... | " | 21 |
| 2.3.5 Pleie- og omsorgsavdelinga | " | 21 |
| 2.4 Landbruk- og teknisk etat..... | " | 24 |
| 2.4.1 Organisasjon..... | " | 24 |
| 2.4.2 Politisk aktivitet..... | " | 25 |
| 2.4.3 Økonomisk resultat | " | 25 |
| 2.4.4. Oppnådde resultat i høve til handlingsprogram | " | 25 |

Innleiing

Kommunen tok til med å arbeida ut årsmelding i 1988.

Det har i kommuneplanprosessen vorte arbeidd for å få samordna arbeidet med årsmeldinga med budsjettarbeidet og med framtidig rullering av kommuneplanen. Vona er at ei slik samordning skal gje vinstar både når det gjeld effektivitet og kvalitet. I årsmeldinga for 2002 var det sagt at me ville følgja dette nye oppsettet ved neste korsveg. Av ulike årsaker er me likevel ikkje komne så langt at me er klare til å følgja den nye malen fullt ut, og årsmeldinga for 2003 vil såleis framstå som ein mellomting av det opplegget me har hatt og det me etter planen skal få. Når det gjeld taloppsett har me i høve til malen teke vekk dei som berre er ein annan versjon av tabellar som er presentert i rekneskapsdokumentet.

Kommunen har ansvaret for mange tenester og forvaltingsoppgåver. Å få til ei rettferdig fordeling av ressursar på dei ulike områda er ei konstant utfordring, og det er mange felt der me gjerne hadde sett at me kunne brukt meir tid og krefter. Sjølv om kommunen jamt over har dyktige og arbeidsame tilsette, vert såleis ikkje alle oppgåver løyst på ein fullgod måte.

Brannen me hadde i kommunehuset i juni 2002 førte også i 2003 til mykje ekstraarbeid for organisasjonen. Dette gjaldt i første rekkje prosessen med å få bygd opp att den skadde delen av kommunehuset, men flyttinga tilbake frå brakkeleiren tok også noko tid.

For å få meir ut av ressursane våre er me stadig på jakt etter betre måtar å gjera ting på. Nye løysingar kan innebera samarbeid med andre kommunar eller omorganiseringar av eiga verksemd. Omstruktureringsutvalet som vart sett ned i 2002 leverte i denne samanhengen ei løypemelding sommaren i meldingsåret. Kommunestyret tok denne til etterretning utan å gå inn på konkrete tiltak med det same. Det er likevel semje i kommunestyret om at driftsnivået må ned. Arbeidet med ei restrukturering og effektivisering av kommunen vil utifrå dette halda fram i 2004 med basis i det materialet omstillingsutvalet har levert. Når det gjeld samarbeid, så er me allereie i gang med dette på fleire område, men me er og på stadig utkikk etter nye felt der det kan vera noko å henta på ei samkøying med andre kommunar. Eit av dei nyaste samarbeidsområda for Tysnes kommune er kome i gang i samband med utviklinga av nettsider. Her valde me og Fusa kommune same leverandør. Dette gav oss gode vilkår i utgangspunktet, i tillegg til at me har avtalt å samarbeida når det gjeld vidareutvikling av sidene.

I januar 2003 vart dei nye nettsidene til kommunen lagt ut på verdsveven. Det viste seg at løysinga med stor grad av eigeninnsats kombinert med tett samarbeid med programleverandøren, Os Datasenter, var ein suksess. Sidene fekk best uttjeljing av alle kommunesider i ei kåring på <http://www.norge.no>. Me har likevel eit godt stykke att før målet om eit fullnøyande 24-timars servicetilbod på nettet er nådd.

Det var kommunestyre- og fylkestingsval i meldingsåret. Det nye kommunestyret er redusert frå 23 til 21 faste representantar. Desse fordeler seg slik: Ap: 4 representantar, Frp: 3 representantar, H: 3 representantar, Krf: 3 representantar, Sp: 4 representantar, Tverrpolitisk: 3 representantar, V: 1 representant.

Det har dei seinare åra vore fokusert på at kommunen må kvitta seg med ein del gamle bygg som ein ikkje sjølv bruker. Dette er ofte meir komplisert enn me skulle ha grunn til å tru, då det er mange problemstillingar som dukkar opp kring fleire av eigedomane. I meldingsåret vart Amland skulehus og Bruntveit skulehus selde.

Den planlagde utvidinga av Uggdal skule vart ferdig i 2003. I oktober vart og den gjenoppbygde delen av kommunehuset teken i bruk, men heilt ferdig vart likevel ikkje dette prosjektet i meldingsåret. I juni var dei første anleggsmaskinane på plass på fleirbrukshalltomta, og ved årsskiftet var grunnarbeidet ferdig og bygget hadde begynt å reisa seg.

Omregulering av næringsområdet i Nedrevåge til eit meir allsidig industri- og næringsforemål var endeleg ferdig på haustparten 2003. Kommunen si største utfordring opp mot dette prosjektet vert no å medverka til at vegen mellom Hodnanes og området vert opprusta til naudsynt standard.

Innan samferdsle vart det ei avklaring av kommunen sitt syn på trasévalet for kyststamvegen. Då saka var oppe til handsaming i kommunestyret vedtok utvalet alternativ S1 over Flatråker, med lang tunnel igjennom Stølefjellet og med ferjekai i Andlavågen. Konkrete tiltak av noko omfang som vart påbegynt i 2003, var utbetring av fylkesvegen ved Elsåker og riksvegen på Hollekim. Det vart óg ferdigstilt ei god vøla av riksvegen like nord for Lønshaugen i Lunde.

I bustadfeltet i Vågsmarka vart steg 5 ferdig tilrettelagt i meldingsåret, og byggjetrinnet løyste ut mange tomter som burde vera attraktive. - Det private feltet på Årbakka vart óg formelt klart både i plan- og finansiell samanheng.

Prosessen med å få ferdig den nye arealdelen i kommuneplanen var ved årsskiftet komen så langt at planen låg ute til høyring. Det er såleis eit realistisk mål å få vedteke ny arealdel i første halvår 2004.

1. Økonomi

1.1 Budsjettavvik

Årsrekneskapen for 2003 vart meir positiv enn det me hadde rekna med. Hovudårsakene til dette er at rente- og avdragsutgiftene vart 2,5 millionar lågare enn budsjettert, det stod att 1,75 millionar i ubrukte midlar avsett til løn og pensjon og kommunen fekk kr 600.000,- meir i integreringstilskot enn det me hadde gått ut frå. Det var og ein del innsparingar på innkjøp, spesielt innan skule, på grunn av den nye momskompensasjonsordninga. Ei innbetaling frå Statens vegvesen på 2,5 millionar (tilbakebetaling av forskotterte midlar) gjorde og sitt til å gje eit positivt netto driftsresultat.

Negative avvik i høve til budsjettet fekk me i hovudsak ved at inntektene gjennom rammetilskot/skatt vart 1 million lågare enn det me gjekk ut frå. I tillegg fekk me noko høgare lønsutgifter innan helse og sosial og kr 125.000,- mindre i utbytte frå Kraftlaget enn det som var budsjettert.

1.2 Utvikling i frie inntekter

| mill. kr. | Rekneskap 2001 | Budsjett 2002 | Rekneskap 2002 | Budsjett 2003 | Rev.bud. 2003 | Rekne- kap2003 |
|--------------|-------------------|------------------|-------------------|------------------|------------------|-------------------|
| Skatt | 34,4 | 37,4 | 36,242 | 40,162 | 39,462 | 39,764 |
| Rammetilskot | 48,7 | 53,9 | 54,820 | 54,869 | 54,869 | 54,227 |
| Momskompen- | 0,8 | 0,8 | 0,835 | 0,500 | 0,500 | 0,548 |

| | | | | | | |
|------------------------|------|------|--------|---------|---------|---------|
| sasjon | | | | | | |
| Refusjon Reform 97/ | | | | | | |
| Komp. Skulebygg | 0,6 | 0,6 | 0,571 | 0,485 | 0,543 | 0,615 |
| Skjønstils. pleie /oms | | 0,3 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 |
| .Komp.sjukeh/omsb. | 0,0 | 1,5 | 1,855 | 1,671 | 1,671 | 1,801 |
| Skjønsmidler | 3,7 | 2,9 | 2,900 | 3,600 | 3,600 | 3,600 |
| Sum | 88,2 | 97,4 | 97,223 | 101,287 | 100,645 | 100,555 |

1.3 Utgifter og inntekter etter art

| Mill. kr. | Rekneskap 2001 | Budsjett 2002 | Rekneskap 2002 | Bud-Rev.buds 2003 | Rekneskap 2003 | Rekneskap 2003 |
|-------------------------------|----------------|---------------|----------------|-------------------|----------------|----------------|
| Løn | 87,2 | 88,5 | 94,6 | 92,9 | 96,3 | 98,2 |
| Kjøp av varer | 26,5 | 25,2 | 26,3 | 23,0 | 24,3 | 25,3 |
| Kjøp av tenester | 4,1 | 5,5 | 5,4 | 4,4 | 4,5 | 4,1 |
| Andre utgifter | 5,3 | 5,2 | 6,4 | 7,3 | 5,9 | 5,1 |
| Sum utgifter utan renteutgift | 123,2 | 124,5 | 132,7 | 127,6 | 131,0 | 132,7 |
| Salsinntekter | 18,2 | 20,7 | 21,2 | 19,4 | 19,8 | 21,8 |
| Refusjonar | 22,8 | 13,4 | 19,1 | 11,0 | 13,1 | 17,2 |
| Overføringar | 93,7 | 96,9 | 101,6 | 102,7 | 102,2 | 102,7 |
| Andre inntekter | 0,0 | 0,3 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 |
| Sum inntekter | 134,8 | 131,2 | 141,9 | 133,1 | 135,1 | 141,7 |

1.4 Renterisiko

| 1000 kr | Mill kr | Rente % | % av samla lånegjeld |
|-----------------------|---------------|-------------|----------------------|
| Lån utan rentebinding | | | 60 |
| Tysnes spareb | 9.930 | 6 | |
| Husbanken | 16.505 | 3,7 / 2,7 | |
| Kommunalbanken | 12.123 | 2,35 | |
| KLP | 1.463 | 2,85 | |
| Fastrente til 2005 | 2.076 / 8.846 | 5,55 / 4,06 | 16,4 |
| Fastrente til 2006 | 3.445 / 1.640 | 4,92 / 5,55 | 7,6 |
| Fastrente til 2007 | 2.100 | 6,2 | 3,1 |
| Fastrente til 2008 | 8.568 | 5,2 | 12,9 |
| Fastrente til 2009 | | | |
| Gjeld i alt | 66.697 | | 100 |

1.5 Pensjonskostnader

Kommunal- og regionaldepartementet fastsette 9.12.2002 ny § 13 i forskrift av 15.12.2000 om årsrekneskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar. Paragrafen gjeld rekneskapsføring av pensjonar i kommunerekneskapen.

Forskrifta inneber to viktige endringar i rekneskapsføringa av pensjonskostnader;

- 1) Den innbetalte premien til pensjonsleverandøren er ikkje lenger å rekna som årets samla pensjonsutgift i rekneskapet.
- 2) Det skal først pensjonsforpliktelser og pensjonsmidlar i kommunen sin balanse.

Til punkt 1) Sidan den årlege kostnaden no skal bereknast ut frå langsiktige føresetnader om avkastning, lønsvekst og G-regulering, betyr dette at den årlege rekneskapsførte pensjonsutgifta blir meir stabil enn den årlege premien som blir betalt. Den årlege premien blir ofte påverka av spesielle forhold det enkelte år: som til dømes høg/lav avkastning, lønsvekst.

Kommunen kan velja om avvik (estimatavvik og premieavvik) skal først over ein periode på 15 eller eitt år. Det er føresett at Tysnes kommune vel 15 års amortiseringsperiode.

Tysnes rådmannskontor, 2. april 2004

Audun Hovland
rådmann

2. Årsrapport for sektorane

2.1 Sentraladministrasjonen

2.1.1 Organisasjon

Sentraladministrasjonen har m.a. følgjande arbeidsoppgåver:

- saksførebuing og oppfølging for politiske organ
- overordna styring vis a vis etatane
- ekspedering av saker
- driftsansvar for kommunen sine økonomifunksjonar
- oppsyn med fellestenestene

Sentraladministrasjonen omfattar rådmannskontoret og økonomikontoret. I 2003 har sentraladministrasjonen hatt stillingar i vakanse i heile eller delar av året. Dette medfører ikkje automatisk kutt i arbeidsoppgåver og fører naturleg nok med seg at det må prioriterast strengare i ein allereie travel kvardag.

| Årsverk | faktisk 2002 | faktisk 2003 | plan 2004 | plan 2005 |
|-------------------------------------|-----------------|-----------------|--------------|--------------|
| Sentrale administrative funksjonar | 9,0 | 8,7 | 8,7 | 8,7 |
| Tenester: kultur, bibliotek, idrett | 4,9 | 2,6 | 2,6 | 2,6 |
| miljø, flyktning og næring | | | | |
| Sum | 13,9 | 11,3 | 11,3 | 11,3 |

Sentraladministrasjonen har hatt redusert bemanning i meldingsåret, men likevel ikkje i så stor grad som det kan sjå ut til frå tabellen over. Kulturkonsulentstillinga stod vakant mesteparten av året og det same gjorde 20% konsulentstilling ved rådmannskontoret. Økonomikontoret køyrde med redusert bemanning dei 4 siste månadene. I 2004 vil kulturkonsulentstillinga framleis stå vakant, medan heimlane ved økonomikontoret er redusert frå 3,5 til 3,2 stillingar. Stillingar som er lagt under budsjettkapittel 1.1, men som ikkje er tekne med i tabellen ovanfor er 50% stilling som resepsjonist i hovudresepsjonen og om lag 1,2 stilling som gjeld vask av rådhuset.

2.1.2 Politisk aktivitet

Tal saker til politisk handsaming

| Utval | 2002 | 2003 |
|--------------|------|------|
| Kommunestyre | 54 | 95 |
| Formannskap | 137 | 96 |
| Admu | 25 | 9 |
| Klagenemnd | - | - |
| Andre | 2 | 6 |

2.1.3 Økonomisk resultat

Driftsresultat

| År / mill. kr. | Rekneskap | | budsjett 2003 |
|------------------------------------|-----------|------|------------------|
| | 2002 | 2003 | |
| Admin. Politiske utval | 2,35 | 2,6 | 2,7 |
| Leiging og formansk.kontor | 2,5 | 2,7 | 2,0 |
| Økonomi | 2,3 | 2,25 | 2,25 |
| Planarbeid | 0,6 | 0,8 | 0,35 |
| Fellesutg.service adm.lokale | 2,9 | 2,9 | 5,0 |
| Næring og samferdsle | 1,2 | 0,9 | 0,7 |
| Førebyggandetiltak sosial og helse | 0,65 | 0,6 | 0,6 |
| Naturforvaltning | 0,1 | 0,1 | 0,1 |
| Aktivitetstilbod b/u | 0,2 | 0,2 | 0,2 |
| Bibliotek | 0,35 | 0,35 | 0,3 |
| Idrett | 0,3 | 0,2 | 0,2 |
| Kunst og kultur | 0,55 | 0,3 | 0,6 |
| Kyrkja | 1,5 | 1,5 | 1,5 |
| Sum utg. | 15,5 | 15,3 | 16,5 |
| Sum inntekter | 5,0 | 2,0 | 1,6 |
| Netto utgift | 10,5 | 13,3 | 15,0 |

Investeringar

| År / 1000 kr | Budsjett | Rekneskap |
|-------------------------|----------|-----------|
| | 2003 | 2003 |
| EDB | 100 | 113 |
| Onarheim k. /Olavsgilde | | |
| Fleirbrukshall | 3 000 | 5.995 |
| Kyrkje div. invest. | 700 | 734 |
| Næringsh/kompet.senter | | |
| Sum investering | 3 800 | 6.842 |

2.1.4 Oppnådde resultat i høve til handlingsprogram

I høve til måla i kommuneplanen har ein oppnådd slike resultat:

Administrasjon og leiing

For å få meir ut av ressursane våre er me stadig på jakt etter betre måtar å gjera ting på. Målet er heile tida å finna ein balanse mellom budsjett, tenester og menneskelege ressursar. Nye løysingar kan innebera samarbeid med andre kommunar eller omorganiseringar av eiga verksemd. Omstruktureringsutvalet som vart sett ned i 2002 leverte i denne samanhengen ei løypemelding sommaren i meldingsåret. Kommunestyret tok denne til etterretning utan å gå inn på konkrete tiltak med det same. Det er likevel semje i kommunestyret om at driftsnivået må ned. Arbeidet med ei restrukturering og effektivisering av kommunen vil utifrå dette halda fram i 2004 med basis i det materialet omstillingsutvalet har levert.

Den brannråka delen av kommunehuset var klar til innflytting etter gjenoppbygginga, i oktober 2003. Det stod likevel igjen ein del arbeid, slik at heilt ferdig vart det ikkje i meldingsåret.

I januar 2003 vart dei nye nettsidene til kommunen lagt ut på verdsveven. Det viste seg at løysinga med stor grad av eigeninnsats kombinert med tett samarbeid med programleverandøren, Os Datasenter, var ein suksess. Sidene fekk best utteljing av alle kommunesider i ei kåring på <http://www.norge.no>. Me har likevel eit godt stykke att før målet om eit fullnøyande 24-timars servicetilbod på nettet er nådd.

Det har vorte arbeidd ein del gjennom året med å avklara om diverse ulike kommunale bygg som kommunen ikkje sjølv brukar kan seljast. I fleire høve viser dette seg å vera vanskeleg. I 2003 vart Amland skulehus selt. Det vart òg klarert sal av Bruntveit skulehus i fjor, men det vart først gjennomført i januar i år.

Planlegging

Ny arealdel i kommuneplanen vart lagt ut til høyring i desember 2003 og planen vil såleis ikkje kunna verta vedteken før i 2004. Når det gjeld trasé for kyststamvegen gjekk kommunestyret i hovudtrekk inn for alternativ S1 over Flatråker, med lang tunnel igjennom Stølefjellet og med ferjekai i Andlavågen. Alle vedtekne nye traséar for kyststamvegen over Tysnes vart i utgangspunktet lagd inn i arealdelen til kommuneplanen. - Det har elles vore arbeidd ein del med planar opp mot vegutbetringar i kommunen. I samband med at reguleringsplanen for næringsområdet i Nedrevåge var ferdig i 2003, og at vegen på austsida er dårleg til og med i Tysnes-målestokk, vart mykje av denne aktiviteten kanalisert mot opprusting av FV78 Nedrevåge – Skorpokrysset. Det har òg vorte arbeidd ein del med planane for vegutløysing for Huglo. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Stord og Tysnes.

Personal

Konsulent (personal) hadde første halvår 2003 sekretærfunksjon for omstillingsutvalet.

Lokale lønsforhandlingar er truleg kome for å bli. Kommunen jobba i 2003 bevisst med korrekt handtering og framgangsmåte i samband med lønsforhandlingar. Men det er ikkje utarbeida konkrete system og prosedyrar for lønsfastsetjing.

Seniorpolitiske retningslinjer vart utarbeidde og vedtekne i kommunestyret 16. desember. Det vil vera eit mål å følgja opp og forankra desse retningslinjene i kommunen.

I samarbeid med bedrifhelsestjenesta vart det i september/oktober halde 40 timars kurs i arbeidsmiljø. Systematisk HMT - arbeid vil også framover bli prioritert. Oppfølging av risikoanalysen har likevel ikkje blitt gjort.

Etter initiativ frå rådmannen vedtok formannskapet 23.06.03, som ei prøveordning på to år, å leggja ned tilsetjingsutvalet.

Økonomikontor

Økonomikontoret (kommunekassen) har driftsansvaret for kommunen sine økonomifunksjonar, herunder budsjett, rekneskap, løn, skatt og interimrapportering.

Flyktning

Opgåvene til flyktningkonsulenten er m.a. koordinering, arbeid med opplysning, informasjon, praktisk hjelp og samarbeid med instansar i og utanfor kommunen.

I 2003 var det busett 21 flyktningar i kommunen. 1 person vart busett i samband med familiesameining. Dei fleste flyktningane i Tysnes er i fast arbeid og flyktningrekneskapen vert derfor positiv.

Flyktningteamet med representantar frå helse- og sosialkontoret, skulekontoret, trygdekontoret, Tysnes næringsråd, lensmannen og rådmannskontoret har hatt jamnlege møte. Flyktningkonsulenten er sekretær for gruppa.

Tverrkulturelt matkurs i samarbeid med Kontakten og frivilljuge organisasjonar vart gjennomført.

Introduksjonsprogram for flyktningar vil verta sett i gang frå 01.09.04.

Planlegging av meir permanente og høvelege bustadtilbod vert vurderte.

Miljø og naturvern

Arbeidet med å gjera rapporten om biologisk mangfald tilgjengeleg for dei som treng han har halde fram. Han er no lagt ut på kommunen si heimeside, arbeidet med ein forenkla versjon held fram.

Omsyn til miljø og biologisk mangfald skal innarbeidast i alle vedtaksprosessar.

Kartlegging av ferskvassresursane og ei vurdering av kva dei tåler av utslepp er prioritert. Det er sett av midlar i 2004/2005 til dette arbeidet.

Det må arbeidast ut retningslinjer for utslepp frå spreidd bustadbygging der vatn og elvar/bekkar vil vera resipient.

Beredskap

Siktemålet om å evaluera den samla kommunale beredskapen, jf. kap. 1.20 i kommuneplanen, og å utarbeida eit handlingsprogram for oppgradering og rullering i løpet av 2003, vart delvis nådd. Fylkesmannen si beredskapsavdeling hadde tilsyn i Tysnes kommune våren 2003 og kom då i etterkant med si evaluering. Kommunen har starta arbeidet med å betra dei sidene ved beredskapsarbeidet der fylkesmannen hadde merknader, men har ikkje laga ein tidsplan for dette.

Planverket innan helsemessig og sosial beredskap vart oppgradert i 2003, og ny plan for smittevern vart vedteken i slutten av året.

Kultur

Stillinga som kulturkonsulent 100% har vore i vakanse sidan 18.03.03.

Ungdomssekretær er tilsett i 50 % stilling. Klubbleiar i ungdomsklubben har vore mellombels tilsett i ca. 20 % stilling i perioden mai-juni og september-desember.

"Kult i skulen" - arbeidet har i nokon grad vorte vidareført gjennom skulekontoret. Ungdomssekretæren har teke hand om oppgåver i samband med tilskotsordningar, uttalesaker om kulturvern og fornminne, kystsovevekene og planarbeid.

Det er mange oppgåver å ta tak i; m.a. langsiktig innafor kulturbasert næring/reiseliv, kulturminne og planarbeid.

Bibliotek

Eit hovudmål i 2003 var å auka bokutlånet, som var på totalt 11 026 bøker og andre medium, mot 10 025 året før - altså ei lita auke. Utlånstala for filialane var særst låge, og tendensen dei siste åra har vore negativ. Derimot held hovudbiblioteket seg på eit jamt og noko stigande nivå om ein ser på dei siste åra. Ut frå dei ressursane som har vore tilgjengelege for biblioteket, er det trass alt rimeleg grunn til å vera nøgd med utlånet av bøker og andre media, ikkje minst når det gjeld utlån til born og ungdom, der Tysnes Folkebibliotek år om anna har rangert høgt på fylkeslista. Biblioteket har også vore trekt meir inn i skulen sitt arbeid enn tidlegare, grunna læreplanen som set krav til at elevane sjølve skal finna fram til kjeldemateriale, enten i trykt skrift eller på internett. Tysnes Skule er såleis ein viktig samarbeidspartnar for biblioteket - og omvendt.

Samtlege filialar vart i mars i år vedtekne nedlagt av kommunestyret frå 01.07.04; såleis at dei fleste ressursane no kan setjast inn i det nye biblioteklokalet i fleirbrukshallen som p.t. er under bygging. Biblioteket er m.a.o. for tida inne i ei omstrukturingsfase. Samstundes som det no vert eitt hovudbibliotek i nye lokale har biblioteket også fått ansvaret for å byggja opp ei lokalhistorisk samling, samt eit Johannes Heggland-arkiv, som vil få rom i eige magasin. Målet for biblioteket må no som før vera å framstå som tidsriktig og moderne. Ein må arbeida for å gje eit tilbod som speglar innbyggjarane sine behov innan områda kunnskap, informasjon og kultur.

Eit viktig steg mot ei betra bibliotekdrift må vera å auka mediabudsjettet og modernisera det totale tilbodet. Automatisering med utlån og katalog på data vil vera eit riktig steg i denne retninga.

Kulturvern

Kommunen gjev stønad til prosjekt etter søknad. Det er løyvt tilskot til restaureringsprosjekt.

Kystsogevekene er eit årleg tiltak. I samarbeid med lag og friviljuge var det program på Årbakka og i Våge.

Arbeidet med Tusenårsstaden på Onarheim og Ferdslivegen i Uggdalsdalen bør vidareførast.

Kulturformidling

Kunstlaget Njardarlog driv utstillingsverksemd på Årbakka.

Tysnes kommune bør stø dei laga og friviljuge som er med å utvikla Årbakka Handelsstad. Kommunen deltok i Kulturvandringa/orienteringa i Sunnhordland.

Alle born og unge bør få eitt eller to teatertilbod i løpet av skuleåret.

Idrett

Det har vorte arbeidd med stønadsordningar, planarbeid, anleggsregistrering, kulturmidlar, spelemidlar og sekretærfunksjon for Tysnes Idrettsråd.

Onarheim idrettslag fekk innvilga kr. 200.000 i spelemidlar til ballbinge.

Fornya søknad om spelemidlar til Tysneshallen. Søknad om investeringstilskot til lokale og regionale kulturbygg frå Tysnes ungdomslag.

Arbeidet i byggenemnda for Tysneshallen har halde fram gjennom heile året.

Revidering av kommunedelplan for idrettsanlegg og anlegg for friluftsliv har starta.

Friluftsliv

Bergen og Omland Friluftsråd tek hand om dei mest nytta friluftsområda, mot at kommunen betalar årleg kontingent.

Rydding, merking og vedlikehald av turstigar bør prioriterast.

Barne- og ungdomsarbeid

Ny drift i Tysnes ungdomsklubb kom i gong frå mai/juni og i heile haustsesongen. Ungdommens kulturmonstring gjekk av stabelen som vanleg.

Generelt kulturarbeid

Følgjande tilskotsordningar gjeld:

Rentestønad, oppstartingsstilskot, kulturmidlar, underskotsgaranti, leiaropplæringsmidlar og midlar til kontaktutvalet for ungdomslaga.

Det er viktig at ein sikrar eit godt samarbeid mellom kommunen og lag og organisasjonar, legg til rette for eit godt eksistensgrunnlag for laga og at ein stimulerer laga til å læra opp leiarar.

2.1.5 Samla vurdering

Sentraladministrasjonen kom ikkje i mål med alt me hadde sett oss føre i 2003. Rådmannen er utifrå føresetnadene likevel nøgd med det som er oppnådd gjennom året. Dette både utifrå den kjennsgjerninga at verksemda har køyrt med stillingar i vakanse, at einskilde saker alltid krev meir innsats enn det er mogeleg å sjå føre seg i utgangspunktet, samstundes som det heile tida dukkar opp oppgåver som må løysast der og då og som gjer at me må skyva på planlagt arbeid.

2.2 Undervisning

2.2.1 Organisasjon

Ansvarsområdet for skulekontoret har også i 2003 vore:

- grunnskulane m/SFO
- barnehagane
- musikk- og kulturskulen
- vaksenopplæringa
- flyktningeundervisninga.

Grunnskulen.

Kommunen har 5 skular, 4 med elevar på 1.-7. klassesteget og 1 med elevar på 1.-10. klassesteget.

Ved årsskifte 2003/04 var det totalt 384 elevar i grunnskulane i Tysnes, 268 på barnesteget og 116 på ungdomssteget.

52 elevar gjekk ut av 10.klasse våren 2003, og 29 elevar tok til i 1.klasse hausten 2003.

Tabellen nedanfor syner utviklinga av elevtalet på dei ulike skulane dei fire neste skuleåra.

| | haust 04 | haust 05 | haust 06 | haust 07 |
|------------------|------------|------------|------------|------------|
| Lunde skule | 49 | 44 | 36 | 38 |
| Onarheim skule | 46 | 50 | 43 | 42 |
| Reksteren skule | 15 | 13 | 14 | 16 |
| Tysnes skule | 79 | 87 | 81 | 75 |
| Uggdal skule | 74 | 65 | 62 | 62 |
| Sum barneskulane | 263 | 259 | 236 | 233 |
| Ungd.skulen | 118 | 129 | 144 | 125 |
| SUM: | 381 | 388 | 380 | 358 |

Barnehagen.

Frå 01.01.03 er alle barnehagane ordinære kommunale barnehagar. Ved utgangen av 2003 hadde 130 barn plass i barnehagane i kommunen. Dette utgjer 80 % av alle barn i førskulealder (f. 1998 – 2002). Det er 24 barn under 3 år i barnehagane, av totalt 49 born i kommunen. (48 %) I aldersgruppa 3-5 år er det 106 born i barnehage (av totalt 113). (93 %) Dekningsprosenten har gått opp i høve til 2002. Jfr tabellen nedanfor.

| Dekningsgrad | 2001 | 2002 | 2003 |
|---------------|-------------|-------------|-------------|
| Under 3 år | 30 % | 45 % | 48 % |
| Over 3 år | 86 % | 87,5 % | 93 % |
| Totalt | 63 % | 75 % | 80 % |

Med utgangspunkt i fødselstala dei siste fem åra, tek me med ein tabell som syner barnetalet fordelt på krinsar:

| Fødselstal | 1999 | 2000 | 2001 | 2002 | 2003 |
|------------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|
| Lunde | 4 | 2 | 4 | 5 | 6 |
| Onarheim | 9 | 6 | 3 | 7 | 1 |
| Reksteren | 2 | 3 | 3 | 2 | 1 |
| Tysnes | 17 | 8 | 3 | 7 | 9 |
| Uggdal | 12 | 10 | 9 | 10 | 12 |
| SUM | 44 | 29 | 22 | 31 | 29 |

Årsverk og tilsette

Når det gjeld talet på tilsette er det små endringar i høve til året før, bortsett frå i barnehage-sektoren. Her auka talet på årsverk frå hausten 2003 med ca.tre stillingar på grunn av kapasitetsauken i Vågsmarka og Myklestad barnehagar. I skulane har sjukemeldingsprosenten vore 4,4 % (statleg avtaleområde) og 4,8 % (kommunalt avtaleområde). I barnehagane har sjukemeldingsprosenten lege på 5,9 %.

2.2.2 Politisk aktivitet

Tal saker til politisk handsaming

| Utval | 2002 | 2003 |
|-----------------|------|------|
| Oppvekst/omsorg | 6 | 11 |
| Kommunestyret | 4 | 3 |

2.2.3 Økonomisk resultat

Her vert det synt til rekneskapen for 2003.

2.2.4 Oppnådde resultat i høve til handlingsprogram

Grunnskulen

- *Driva kampanje for trivsel og tryggleik i skulen*
Denne målsetjinga vart særleg aktuell etter at § 9 A i opplæringslova vart gjort gjeldande frå 1.april 2003. Dette har ført til at skulane har sett arbeid mot mobbing på dagsorden gjennom verksemdplanane sine. Alle lærarane var på kurs om mobbing den 13.august. Rektorane var på konferanse om §9 A i oktober. Tysnes skule starta opp arbeidet med

Olweus-programmet hausten 2003. Likevel er dette berre starten på eit svært viktig arbeid som må utviklast vidare i åra som kjem.

- *Gjennomføra lokal plan for den formelle delen av norskfaget.*
Ei arbeidsgruppe med medlemmer frå alle skulane laga ein plan for dette våren 2003. Denne skal vera retningsgjevande for arbeidet med norskfaget.
- *Initiera skulane til samarbeid om lokal plan for andre fag enn norskfaget.*
Etter drøfting i rektormøte vart dette arbeidet utsett inntil vidare, ikkje minst på grunn av at det vart mykje arbeid med § 9A.
- *Gjennomføra konkrete tiltak med tanke på delegasjon til skulane.*
Førebels er det gjort vedtak om å delegera retten til å innvilga permisjonssøknader og dessutan er tilvisingsretten på driftsbudsjettet delegert for Tysnes skule sitt vedkomande.(utanom løn)
- *Vidareføra etterutdanning i IKT, m.a. gjennom deltaking i prosjektet lærerIKT*
Til saman var 28 lærarar påmelde til lærerIKT. Dei fleste har fullført med godt resultat. Gjennom Midthordland skule- og barnehageregion har ein fått prosjektmidlar til eit opplegg for pedagogisk bruk av IKT knytt opp mot lese- og skriveopplæringa i 1. og 2.klasse. Dette arbeidet starta opp hausten 2003.
- *Vidareføra satsinga på IKT gjennom oppdatering av maskinparken*
Det var sett av midlar på investeringsbudsjettet til dette føremålet. Midlane er fordelte etter drøfting i rektormøte. Samanlikna med andre kommunar må ein kunna seia at Tysnes-skulane er rimeleg godt utstyrte med datamaskinar. Den pedagogiske IT-kompetansen er etter kvart vorten betre. Det skortar framleis på den tekniske IT-kompetansen. Det er eit mål å finna praktiske løysingar på dette.
- *Styrkja overgangen ungdomsskule/vidaregåande skule gjennom deltaking i prosjekt i Midthordland skule- og barnehageregion*
Det er oppretta nettverksgrupper i regionen med deltakarar frå dei vidaregåande skulane og ungdomsskulane. Førebels har desse nettverksgruppene vore i arbeid: Rådgjevarane, norsklærarane og matematikklærarane. Tysnes skule har vore med i desse gruppene, og det er forventa at dette samarbeidet skal halda fram.
- *Innføra bruk av VUK (vurdering utan karakterar) i skulane i Tysnes*
Alle skulane har fått kurs/innføring i VUK (vurdering utan karakterar). Gjennom handlingsplanane sine har dei forplikta seg til å starta opp arbeidet i inneverande skuleår. Ein forventar ei evaluering av arbeidet når skuleåret er slutt.
- *Ta del i tverretatleg rusførebyggjande arbeid*
Her har det ikkje vore konkrete tiltak i 2003, bortsett frå vanleg tverrfagleg arbeid.

Skulefritidsordning

- *Oppretthalda tilbodet på flest moglege skular*
Vårhalvåret var det skulefritidstilbod ved Lunde, Onarheim, Reksteren og Uggdal skular. Hausthalvåret var det tilbod ved Lunde, Onarheim og Tysnes skular.
Til saman har det vore ca. 30 elevar i kommunen som til kvar tid har nytta seg av SFO-tilbodet. Dette utgjer ca. 24 % av elevane i småskulen.
- *Vurdera samarbeid om SFO ved skular som ligg nær kvarandre*
Hausthalvåret 2003 har det vore samarbeid mellom Uggdal og Tysnes skular slik at elevar ved Uggdal skule har fått tilbod om SFO ved Tysnes skule.

Musikkskule

- *Oppretthalda tilbodet på noverande nivå*

Målet med å oppretthalda same volum på undervisningstilbodet er nådd.

Instrumentgruppene varierer frå år til år i storleik, men talet på undervisningstimar er om lag det same.

Grunna stor pågang på tilbod med gruppeundervisning er elevtalet noko høgare i skuleåret 2003/2004. Det er eit jentekor og ei teatergruppe i sving. Pr.01.10.03 var det registrert 86 elevar.

- *Vurdera oppretting av tilbod i dans*

Det er tre ballettgrupper i sving skuleåret 2003/2004. Det er engasjert ein ballettpedagog og dette fungerer godt.

Vaksenopplæring

- *Gje tilbod om norsk m/samfunnskunnskap til flyktningar og innvandrarak*
Gjennom året 2003 har det vore ca. 20 elevar i denne delen av vaksenopplæringa. Som tidlegare år held vaksenopplæringa til i leigde lokale i "Grendatun".
- *Gje tilbod om vaksenopplæring til dei som har rett til det etter opplæringslova*
Dette tilbodet har vore avgrensa til nokre få elevar i dagsenteret.

Barnehage

- *Utvikla kvalitetskriteria for barnehagane gjennom samarbeid med dei andre kommunane i Midthordland skule- og barnehageregion.*
Staten sette i 2001 i gang arbeidet med kvalitetssatsing for heile barnehagesektoren. Kvalitetssatsinga var iverksett under namnet **den gode barnehagen**, og skulle skje i perioden 2001-2003.
I Tysnes kommune har me valt å utarbeida ei felles kvalitetshandbok for barnehagane, som skal vere eit verktøy for å nå måla som er sett opp for den gode barnehagen. Styrarane i barnehagane og barnehagekonsulent har danna ei arbeidsgruppe som saman skal utarbeide denne kvalitetshandboka. Dette arbeidet vart påbegynt i 2003, og ein rekna med at det vert ferdig i løpet av våren 2004.
- *Gjennomføra brukarundersøking i barnehagane*
I høve denne kvalitetssatsinga vart det i november gjennomført ei brukarundersøking i barnehagane. Svarprosenten varierte frå barnehage til barnehage, og resultatata av undersøkinga skal brukast som grunnlag for vidare utvikling i den einskilde barnehage.
- *Oppdatera barnehagane administrativt gjennom tilknytning til Internett*
I 2003 fekk barnehagane Myklestad, Lunde og Vågsmarka installert datamaskinar. Dermed er alle barnehagane i kommunen no tilknytt Internett.

2.2.5 Samandrag.

Kommunen har eit tilfredsstillande barnehagetilbod, sjølv om det sporadisk kan vera ventelister ved nokre av barnehagane. Tendensen er at fleire og fleire born vert søkte inn i barnehagane. Dette gjer at ein må rekna med tilnærma same etterspurnad etter barnehageplassar, sjølv om barnetalet går ned i åra som kjem.

Plasstillhøva ved Lunde barnehage er ikkje ideelle. Ei påbyggjing/restaurering bør vurderast. Grunnskuletilbodet er tilpassa den tradisjonelle skulestrukturen, men ikkje i same grad tilpassa dei nye og trongare økonomiske rammene som kommunane etter kvart må tilpassa seg.

Utbyggjninga av Uggdal skule har betra plasstilhøva der, særleg for dei tilsette. Med tanke på innklimaet på fleire av skulane er det urovekkjande at ventilasjons/ENØK-tiltaka ved desse skulane ikkje er med på gjeldande økonomiplan.

Skulefritidstilbodet er framleis haltande med usikker rekruttering frå år til år.

Musikkskulen treng ein base med eigne, varige lokale.

Omfanget av innvandrarundervisninga har vore minkande, og det er usikkert kor stort det blir framover, ikkje minst på grunn av uvisse om konsekvensane av introduksjonsprogrammet.

2.3 Helse og sosial

2.3.1 Økonomisk resultat

Generelle trekk.

Samla ressursinnsats

| | 1000 kroner løpande prisar | | |
|-------------------------|----------------------------|------------|----------------|
| | R 2002 | Rev R 2003 | Rekneskap 2003 |
| Utgifter og inntekter | | | |
| Sum driftsutgifter | 56699 | | |
| Sum driftsinntekter | 16160 | | |
| Sum finansutgifter | 358 | | |
| Sum finansinntekter | 341 | | |
| Nto. Driftsutgifter | 40556 | 39873 | 40.144 |
| Investeringar | | | |
| Sum utgifter | 1577 | 1120 | 800 |
| Sum inntekter | 700 | 0 | 745 |
| Nto. Utgifter/inntekter | 877 | 1120 | 55 |

Investeringar gjeld:

Kostnader i 1000 kr.

| | |
|--------------------------------------|-----|
| Tysnes aldersheim – kjøkken utstyr | 50 |
| Peralio omsorgsbustader | 28 |
| Tysnes aldersheim – kjøkken | 365 |
| Tysnes aldersheim – sprinkling | 180 |
| Sikring av rømmingsvegar H & S. Bygg | 92 |
| Varslingsanlegg pu/oms. Bustader | 46 |
| Dagsenter nybygging | 39 |

2.3.2 Utviklingstrekk for etaten

Investeringar

Den største investeringa er renovering av kjøkkenet v/aldersheimen til funksjonelt og moderne institusjonskjøkken Brannsikringstiltak i form av sprinkling og sikring av rømmingsvegar er gjennomført ved aldersheimen

Drift

Nto. Driftsutgifter på h.k. 1.3 vart kr. 40.144' mot revidert budsjett 39.873', d.v.s. rekneskapen vår viser eit nto. driftsmessig underskot på kr. 271' eller 0,68%. Det er ganske nær budsjettbalanse på eit budsjett på ca 40 mill. Arbeidet med økonomistyring/periodisering og nært samarbeid mellom leiarane i etaten og økonomisjefen har gjeve gode resultat og arbeidet vil halda fram i 2004.

Følgjande budsjettkapitel hadde dei største negative tala:

| | | |
|--------|---------------------------|------|
| 1.3310 | Tysnes sjukeheim | 373' |
| 1.3351 | Bustader for PU Uggdal | 289' |
| 1.3352 | Bustader for PU Vågsmarka | 144' |

positive tal

| | | |
|--------|----------------------------|------|
| 1.3110 | Tysnes legekantor/legevakt | 384' |
| 1.3340 | Heimehjelp | 227' |
| 1.3410 | Dagsenteret | 139' |

Plan- og utgreiingsarbeid som er gjennomført i 2003:

Evaluering av prøveordning i 2002 der leiing av husmorvikartenesta er overført leiande helse-søster – vart vidareført som permanent ordning

Revidering av Handlingsplan for menneske med psykiske lidingar i Tysnes Kommune 2003 – 2006

Smittevernplan for Tysnes kommune

Omstillingsutvalet si innstilling

Deltaking i "Flink med folk"-prosjektet

Pilotprosjekt rettleiing som verkty for leiarar Høgskulen i Bergen. Deltaking i prosjektgruppa

Konklusjon:

Utfordringa i det nye året er å rekruttera fagpersonell, utvikla fagkompetanse hos dei tilsette og kvalitet på tenestene og tilpasse tenesteproduksjonen til reduserte driftsrammer.

2.3.3 Helseavdelinga:

Legetenesta

Bemanning

Legesituasjonen har betra seg i løpet av 2003. Waleed Alzubaidi byrja hausten 2002 og har vore i fast stilling heile året i tillegg til kommunelege 1. Camilla Buxbom var i vikariat frå jan. 2003 fram til sumaren. Ari Bertz var turnuskandidat første halvår og byrja august 2003 i fast kommunelege II-stilling. Turnuskandidatstillinga har vore i drift heile året. På forkontoret har bemanninga vore stabil. Jorunn Bjordal har permisjon frå si 40 % stilling, og Anni Myklestad har gått inn i hennar stilling (40-60 %). Torild Nesland og Britt Mehammer har vore stabile i sine 60 og 100 % stillingar. Ferieavviklinga har vore gjennomført med minimumsbemanning. Det set store krav til personalet i sumaravviklinga fordi nøkkelpersonell er i ferie og det er stort press på legetenestene pga. stort tal tilreisande til kommunen. Generelt er me veldig takksame for kjempeinnsats av vårt personell, som har vist stort engasjement og innsatsvilje for å få det til å "gå rundt".

Økonomi

Kommunar som kjøper legetenester frå driftsavtalelegar må som minimum betala fastlegetilskot til desse legane. For Tysnes vil dette seia at ei slik ordning ville kosta ca. 800.000 i netto kostnad. Då er ikkje utgifter til off.legearbeid som miljøretta helsevern o.l. rekna med i beløpet og må plussast på for kommunens utgifter til legetenester. Tysnes Legekontor dekkjer laboratorietenester for Tysnes sjukeheim utan at me har skrive internfakturering for desse tenestene. Det har vore betydeleg auka innkome på pasientbetaling på legekontoret, med driftsoverskot på 358.414 i høve til regulert budsjett. dette skuldast dels betre takstar, men også ein stor innsats frå bemanninga på kontoret, spesielt i forhold til laboratoriearbeid.

Legevakt

Tysnes har avslått vaksamarbeid med Stord/Fitjar/Bømlo fordi me førebels har sett det som ei dårlegare ordning for publikum. Dessutan har legane vore villige til å ta på seg stor vaktbelastning. Før me får bru til Stord trur eg Tysnes vil vera best tente med eigen vaktordning dersom me får legar til å ta på seg vaktene. Kommunen vil få større utgifter ved deltaking i sentralisert legevaktordning på Stord, i særleg grad viss ein også må betala for passiv bakvakt i Tysnes. Legane har vore villige til å dekkja legevakt for Ølve/Hatlestrand, og me får tilbagemeldingar frå publikum der at dei set pris på å få bruka Tysnes legevakt. Kvinnherad kommune refunderer til Tysnes Kommune i høve til befolkningstalet i Ølve/Hatlestrand.

Lokalitetar

Me er glade for å ha fått betre plass på legekontoret etter helsetsasjonen flytta ut. Det følest godt for kommunelege 1 å ha fått fast kontor plass. Me har likevel fått som minus ein større avstand til helsestasjon/helsesøstre, og det må arbeidast bevisst med å få behalda tett samarbeid mellom legetenesta og helsestasjon. I den samanheng kan nemnast at jordmor har vore bevisst på tett samarbeid med legane sjølv om jordmor utan tvil har fått ein større del av ansvaret for svangerskapskontrollane.

Planarbeid/offentleg helsearbeid

Særskilt skal nemnast smittevernplan som kommunelege 1 utarbeidde i haust og som vart godkjent i kommunestyret i november. Kommunen er noko på etterskot med oppfølging av helse- og beredskapsplan. Fylkeslegen har sett krav om absolutt frist pr. medio april 2004, og dette bør prioriterast så snart som råd.

Helsestasjonen

Nye tiltak i 2003:

I august 2003 slutta helsesøster Liv Vevatne, Stord og helsesøster Bjørg Strønen, Os etter å arbeida her i vikariat sidan mars/april 2002. Helsesøster Aslaug Singelstad tok då til igjen i stillinga si i 50 % stilling etter å ha vore ute i permisjon og helsesøstervikar Jorunn Bjordal tok på nytt til i eit 50% vikariat frå september 2003. Me er svært glad at me har hatt eit godt kvalifisert personell på helsestasjonen. Jordmor Annbjørg S. Tvedt har vore tilsett i fast 50% stilling frå mars 2003 og ho gjev eit solid og godt tilbod til dei gravide, både i svangerskap og i tida rundt fødselen + i barselstida med heimebesøk. I oktober flytta me ut frå legekontoret og inn i nye lokale. Det har vore svært godt å ha fått "sin eigen avdeling" med fleire kontor og meir plass, noko som har betra arbeidssituasjonen vår mykje. Helsestasjon for ungdom starta me opp med frå 6.november 2003. Me har ope kvar torsdag frå kl 14.30 til 17.30. Det er eit

gratis helsetilbod til alle ungdomar mellom 13 og 24 år. Me var så heldige å ha med oss ein turnuskandidat med erfaring frå Helsestasjon for Ungdom i Asker og det var svært nyttig for oss i ein oppstartsfase.

Måloppnåing:

Arbeid på helsestasjonen og i skulehelsetenesta er først og fremst å førebyggja psykiske og fysiske plager og sjukdom hos gravide, barn og ungdom, gjennom å gje samtale og rettleiing, rådgjeving, nettverksarbeid og helsekontrollar + vaksinasjonar. Vårt tilbod er eit lavterskeltilbod som gjev oss ein unik mulighet til å fanga opp utsette barn og unge på eit tidleg tidspunkt. Me gjev ekstra tid og oppfølging til dei som slit med ulike problem. Å styrkja foreldrerolla og samliv er og ei viktig oppgåve, her har me hatt nettverksgrupper, Dialoggrupper og samlivskurset Prep. Der det har vore trong for praktisk hjelp i heimen, har husmorvikaren vore til stor hjelp og avlastning. Samarbeid med andre faggrupper har og vore ei viktig oppgåve for oss, for å kunna gje best mogeleg hjelp til barn og unge med samansette problem.

Utfordringar i 2004.

- Utvikla og forbetra Helsestasjon for Ungdom. Vurdera og planleggja om me skal leggja Helsestasjon for Ungdom til Tysnesbygda, når "Fleirbrukshallen" står ferdig til hausten 2004. Det er viktig at helsestasjon ligg sentralt og er lett tilgjengeleg for ungdommen. Her vil me søkja om sentrale midlar for å få dette til.
- Arbeida for å få til regelmessige samarbeidsmøter mellom helse - skule/barnehage – PPT
- Gje tilbod om samtalegruppe for einslege forsørgjarar
- Å sikra ei god husmorvikar ordning i Tysnes
- Å få styrkja sin kompetanse på barn og unge med psykososiale problem.

Jordmortenesta:

Nye tiltak i 2003:

Jordmor i 50% stilling frå 1.mars.

Jordmor er med i turnus for Helsestasjon for Ungdom.

Måloppnåing:

Dei gravide og deira familie får betre oppfølging dette i form av at det vert sett av meir tid til samtale og vegleiing. Far vert meir trekt inn i svangerskapsomsorga. Bortimot alle får besøk av jordmor etter fødselen, for å bearbeide fødselsopplevinga. Heimebesøk før fødselen er og noko brukt om pasienten er for sjuk til å kome hit.

Utfordringar i 2004.

Ev. starta grupper for einslege forsørgjarar.

Jordmor ønskjer å verta ferdig med praksis etter kurs i kvinnehelse. Då kan eg ta etterkontroll etter fødsel, leggja inn spiral, ta celleprøve osv.

Ergoterapitenesta

0,6 st. kommuneergoterapeut. Arbeidsoppgåver: Kartlegging av funksjon.

ADL/funksjonstrening. Stimulera til eigenaktivitet. Tilrettelegging, tilpassing og kompensasjon for tapt funksjon; rådgjeving ved bustadendring, vurdering av tekniske hjelpemiddel, ergonomiske tiltak, funksjonsvurdering i bilsaker m.m. Korttidsutlån av kommunale hjelpemiddel. Deltok i tverrfagleg rehabiliteringsarbeid og inntaksmøte. Kontaktperson for kommunen

til Hjelpemiddelsentralen i Hordaland (HMS) Ressursutnytting: Tilvisingar: 56; frå lokalt helsepersonell (26), frå brukar/pårørande (25) og frå 2.line tenesta (4). 133 heimebesøk. Ergoterapeuten har sendt 42 søknader og 52 rekvisisjonar om hjelpemiddel til Folketrygda, samt 37 service-rapportar til HMS på reparasjon av hjelpemiddel samt 7 som gjeld høyrselshjelpemiddel. Vore involvert i 2 trygdebilsaker dette året. Hatt 1 sak for bedriftshelsetenesta. Det er i 2003 lånt ut 606 hjelpemiddel frå Hjelpemiddelsentralen/folketrygda til ein samla verdi av 1,6 millionar, totalt er det 1784 hjelpemiddel frå Folketrygda for til saman 9,2 millionar i Tysnes kommune. Det har vore noko færre utlån enn i 2002, men derimot mykje arbeid både for ergoterapeut og vaktmeister med returar av hjelpemiddel p.g.a. mange dødsfall blant våre brukarar. Kommunen ”arvar” no ein del hjelpemiddel frå HMS som me kan ha i sirkulasjon til korttidsutlån, men dette er også utstyr som må vedlikehaldast/reparerast, og dette vil sjølvstøtt medføra meirarbeid for vaktmeister etterkvart som utstyrsparcken veks! Har elles arbeidd med organisering av Kommunalt hjelpemiddellager i tinghuskjellaren og kvalitetssikring, m.a. prosedyrar for utlån av hjelpemiddel. Dette arbeidet held fram i 2004. Men oppgåver med hygiene/reingjering av hjelpemiddel er vanskeleg å løysa m.a. fordi ein ikkje har tilgang på vatn/våtrom i lagerlokalet i tinghuskjellaren.

Fysioterapitenesta

Me var i august 2003 to nye fysioterapeutar som byrja å arbeide i Tysnes Kommune. Tenesta hadde då vore utan fysioterapeut sidan juni, og det hadde stått ledig halv stilling sidan april. I oktober flytta me inn i nye flotte lokaler.

Trass i byte av fysioterapeutar, og store periodar utan fysioterapeut, har ein fått gjennomført mykje av måla i verksemdsplanen for 2003. I haust har det blant anna vore mange heimebesøk til eldre brukarar, noko som tek tid i ein kommune med store avstandar. Totalt heimebesøk frå 01.08.03- 31.12.03 er ca 185.

Avvik frå verksemdsplanen ser ein i det førebyggjande arbeidet. Det har blant anna ikkje vore moglegheit for å starte fokuset på fysisk aktivitet ved skulane. Dette er eit viktig område som burde vore prioritert. Det har også vore lite tid til å arbeida med kvalitetssikring og fagleg oppdatering.

I 2004 vil det vera to nye vikarar p.g.a. svangerskapspermisjonar. Begge stillingane vil også stå ca. ein månad i vakanse, og det vil bli ei utfordring å prioritera arbeidsoppgåver i desse periodane. Elles vil det vera ei utfordring å prioritera om, slik at ein kan få meir tid til det førebyggjande arbeidet.

2.3.4 Sosialavdelinga

Sosialavdelinga er representert i ulike grupper som TEBU-gruppe, psykiatrigruppe, SMSO-gruppe, ANT-gruppe, flyktningeteam og krisegruppe for barn og unge, slik at avdelinga er aktiv i eit tverrfagleg samarbeid.

I tillegg til desse gruppene, er sosialkonsulent saman med helsesøster og fysioterapeut, oppnemnd til å vera med i eit habiliteringsteam for born og unge, i kommunen. Sosialavdelinga har vore med i utarbeiding av mal for individuell plan, og har gjennom dette arbeidet vore pådrivar for å koma i gong med å utarbeida individuelle planar til dei born og unge som har rett til slik plan.

Sosialkonsulent har gjennomført første året i SEPREP-undervisninga som eit kompetansehe-
vande tiltak innafør psykiatri.

Barneverntenesta mottok i alt 21 meldingar/17 barn i 2003. 11 barn enda opp med tiltak.

Det er gjeve økonomisk sosialhjelp i 2003, bidrag og lån slik:

- 19 personar, einslege over 25 år
- 1 person, sambuande mellom 18 og 25 år
- 9 personar, sambuande over 25 år
- 7 personar, par/sambuar med barn
- 7 personar, einslege med barn

2.3.5 Pleie- og omsorgsavdelinga

Avdelingar innafør pleie- og omsorgsavdelinga:

Budsjettkap.

- 1.3310 Tysnes sjukeheim
- 1.3320 Tysnes aldersheim
- 1.3321 Vaskeri
- 1.3330 Heimesjukepleie
- 1.3340 Heimehjelp
- 1.3351 Bustader pu Uggdal
- 1.3352 Bustader pu Vågsmarka
- 1.3370 Psykiatri

Syner til innspel frå: Tysnes sjukeheim
Psykiatrien

Måloppnåing:

- Aktiviteten innafør pleie- og omsorgsavdelinga i 2003 har stort sett gått som forrige år.
- Det vart i 2003 gjort budsjettreduksjonar på Tysnes sjukeheim, 50 % stilling assistent og i heimetenesta 50 % stilling sjukepleiar. Dette har medført travlare arbeidsdagar for dei som er igjen innafør desse tenesteområda.
- Ifrå 2003 er det gjennomført samla leiging for heimehjelp og heimesjukepleie i område 2, med pleie- og omsorgsleiar som leiar.
- Det har vore arbeidd vidare med kvalitetsutviklingsarbeid innafør pleie- og omsorgsavde-
linga, men me er komne altfor kort med å få dette skriftleggjort.
- I Tysnes aldersheim er det rekruttert ny styrar frå september 2003.
- Leiarane innafør pleie- og omsorgsavdelinga elles har vore stabile.
- Gjennom Høgskulen i Bergen er Tysnes med i eit 4 - årig pilotprosjekt "Klinisk kompetansestige for helsepersonell", saman med 3 andre kommunar, Austevoll, Lindås og Kvam, og er først starta opp med ei leiarutdanning gjennom Høgskulen i Bergen. Ifrå juni 004 vil ein gje tilbod om ei etter- og vidareutdanning for hjelpeleiar, omsorgsarbeidar, sjukepleiar og vernepleiar som vil gå over 3 år.
- Igjennom "Flink med folk" i helse- og sosialsektoren i regi av KS har 2 av leiarane vore på intensiv kurs i Løft-metoden i september, noko som gav svært positive resultat. Gjennom prosjektet "Flink med folk" vil det i 2004 bli eit vidare samarbeid

mellom kommunane Os, Fusa og Tysnes når det gjeld vidare tilbod om kursing av alle mellomleiarane i pleie- og omsorgsavdelinga i Løft-metoden.

- 1 person deltek på Høgskulen i Bergen på desentralisert sjukepleiarutdanning.
- Når det gjeld omsorgsbustader og trygdebustader har me hatt fullt belegg i løpet av året, og me har kunna gjeve tilbod ved akutte behov.
- Når det gjeld institusjonsplassane har det vore fullt belegg gjennom året. Grunna mange dødsfall har det i periodar vore litt ”slakk” i systemet noko som har medført stor fleksibilitet og at me har kunna gjeve tilbod om korttidsopphald når behovet har oppstått.
- I oppstarten av 2004 er det meir stabilt i institusjonsbelegget noko som medfører mindre fleksibilitet.

Ressursutnytting:

Tysnes sjukeheim:

Totalt antall plassar: 39

Plassar for aldersdemente i skjerma avdeling: 13

Plassar for korttidsopphald: 5, dette antallet varierer etter om me kan skrive ut pasientar som har vore i korttidsopphald tilbake til heimen.

Det har vore høg aktivitet når det gjeld korttidsopphald Det har vore 59 utskrivingar etter korttidsopphald, inkl. overføring til langtidsopphald og dødsfall, gjennom året.

Tysnes aldersheim:

Totalt antall plassar: 12

Belegget har vore stabilt gjennom året og det har vore liten kapasitet til bruk av korttidsopphald. Det har vore 4 utskrivingar etter korttidsopphald, inkl. overføring til langtidsopphald og dødsfall, gjennom året.

Bebuarar i bustader kommunen disponerer, servicebustader (pu), trygdebustader og omsorgsbustader

Totalt: 55 personar, 19 menn og 36 kvinner.

Tryggleiksalarmar

Tysnes kommune har samarbeidsavtale med Lev Vel Helse A/S i Bergen der me låner alarmane. Brukarane betaler sjølvkost for leige av alarmar.

Antall alarmar pr. 31.12.03: 50 alarmar knyta til Lev Vel Helse A/S

4 alarmar knyta til Tysnes aldersheim

Konklusjon:

Pleie- og omsorgsavdelinga har utfordringar framover. Tal eldre er høgt framover, og me veit at det er dei eldre over 85 år som særleg får eit hjelpebehov. Viss dei økonomiske ressursane skal bli redusert framover er det vanskeleg å sjå korleis ein framleis skal kunne bruke ostehøvelen. Skal ein redusere ytterlegare må ein gjera andre grep enn ”ostehøvel” prinsippet. Viss pleie- og omsorgsleiarstillinga framover skal vere avdelingsleiar for heimetenestene er det nødvendig å sjå på den administrative strukturen for pleie- og omsorgsavdelinga framover.

Tysnes sjukeheim:

- Redusert personellsida på kjøkken 50%. Likevel greidd å oppretthalda matdistribusjon gjennom Friviljugsentralen.
- Gitt ut ny informasjonsfoldar for institusjonen.
- Vidareført kvalitetsarbeidet til fleire felt.
- Innført Shift manager turnussystem for alle avdelingar
- Kjøpt inn to nye elektriske senger + ståløftar.
- Starta opp leiarutdanning for avdelingsleiar/styrar.
- Ikkje greidd å skaffe databasert program for pasientrekneskap
- Ikkje fått i havn internkontroll for elektromedisinsk utstyr. (avventer endeleg godkjenning frå teknisk)
- Ikkje fått kursing for reingjeringspersonell
- Sjukefråver gjennom året 8.5%.

Psykisk helsevern:

Måloppnåing.

- Psykiatrisk sjukepleiar starta vidareutdanning, deltidstudie SEPREP, psykoseforståing og psykosebehandling.
- Medarrangør for 2 dagars kurs om ”Individuelle planar”, kurshaldar, 3 tilsette ved Avdeling for fysikalsk medisin og rehabilitering ved Haukeland u.sykehus.
- Ny datamal over ”individuell plan” er laga for Tysnes kommune.
- Arrangerte tverrfaglege kurs for fagfolk i Rosendal og folkemøte om kvelden på Tysnes, tema; ”Sorgreaksjonar hos barn” v/ sykehusprest og forfattar Steinar Ekvik.
- ”Kurs for par” – prep.kurs v/ helsesystrene
- Dialogkurs for småbarnsforeldre, v/ helsesystrene
- Flytta og etablerte to nye kontor for psykiatriavdelinga.
- Tilsett vernepleiar i nyoppretta stilling som psykisk helsearbeidar, 50 %,frå 1. august 2003, arbeider med barn og unge.
- Oppretta faste samarbeidsmøter mellom psykiatriavdelinga og helsestasjonen
- Oppretta ”Helsestasjon for Ungdom” v/ helsesøster, lege evt. jordmor og psykisk helsearbeidar. Utstyr er innkjøpt.
- Ungdomsklubben er starta opp igjen, 20 % stilling, organisert av formannskapskontoret/ungdomssekretæren.
- ”Plan for Krisesituasjonar i Tysnes kommune” er revidert i 2003.
- ”Handlingsplan for tenester til menneske med psykiske lidingar i Tysnes kommune” er vidareført fram til 2006.
- Har gjennomført eit felles møte mellom psykiatrigruppa og TEBU-gruppa.

Arbeidet med kvalitetssikringa av helseteneste i psykiatri har halde fram, men er ikkje fullført.

Ca. 48 pasientar har ved utgangen av 2003 fått vedtak på psykiske helsetenester, 7 har framleis støttekontakt, dagsentertilbodet ”Måndagsgruppa” og ”Torsdagsturen” held fram. Psykiatrigruppa har hatt 3 møter, TEBU- gruppa har hatt 4 møter, Krisegruppa har hatt 5 møter, B-gruppa har hatt 4 møter. SMSO-gruppa og ANT-gruppa har vore i drift og har hatt fleire møter.

Avvik:

- Dagsentertilbodet ”måndagsgruppa” måtte flytta og held til i mellombels lokaler. Desse lokala er for tronge og me treng ein permanent stad å vera.
- Ikkje gjennomført undervisning av lærarar og foreldre i skule/barnehage i 2003.

Personellressurser i psykisk helsevern:

Psykiatrisk sjukepleiar 100% stilling, psykisk helsearbeidar 50 % stilling, helsesøster 100% stilling og assistent 30 % stilling, pluss støttekontakter.

Viser elles til ”Psykiatriplan” og ”Psykiatriplan for barn og unge”

Det er mange dyktige medarbeidarar i pleie- og omsorgsavdelinga. Mange har arbeidd i mange år i kommunen og gjer ein stor innsats for å yte gode tenester til befolkninga i Tysnes.

2.4 Landbruk- og teknisk etat

2.4.1 Organisasjon

Etaten er organisert med teknisk sjef som leiar for 5 fagområde; jordbruk, skogbruk, brann- og byggjesak, kart og oppmåling, og kommunalteknisk drift, bygg og eigedom.

Årsverk og tilsette.

| | Faktisk 2002 | Faktisk 2003 | Plan 2004 | Plan 2005 |
|-------------------------|-----------------|-----------------|--------------|--------------|
| Adm. | 1,15 | 1,15 | 1,15 | 1,15 |
| Jordbruk | 3,48 | 3,48 | 3,48 | 3,48 |
| Skogbruk og vilt | 0,62 | 0,62 | 0,62 | 0,62 |
| Kart og oppmåling | 2,0 | 2,0 | 2,0 | 2,0 |
| Brann og feiing | 2,2 | 2,2 | 2,2 | 2,2 |
| Byggesak | 2,05 | 2,55 | 2,55 | 2,55 |
| Bygg og eigedom | 4,1 | 4,05 | 4,05 | 4,05 |
| Drift av gravplassar | 0 | 0 | 1,1 | 1,1 |
| Veg | 2,0 | 2,2 | 1,15 | 1,15 |
| Vatn, avløp, renovasjon | 1,9 | 1,77 | 1,77 | 1,77 |
| Sum årsverk | 19,5 | 20,0 | 20,0 | 20,0 |

Byggesak er styrkja med 100 % stilling. Vikar i samband med svangerskapspermisjon er trekt ut med 50% stilling. Utleige av vegarbeidar til SIM vart ført på renovasjon. Det var feil og er retta opp. Frå 2004 vert 100% stilling overført frå Vegvedlikehald til drift av gravplassar.

2.4.2 Politisk aktivitet

Den vert i år presentert under kvart fagområde.

2.4.3 Økonomisk resultat

Drift: Går fram av overordna og detaljert rekneskap lagd fram av Rådmannen.

Investeringar: Går fram av overordna og detaljert rekneskap lagd fram av Rådmannen. Sjå elles omtale under handlingsplan.

2.4.4 Handlingsprogram for landbruk- og teknisk etat. Oppnådde resultat

Kommunen har vedteke egne planar for:

- Hovudplan for skogsvegar 1999.
- Avfallsplan for Sunnhordland interkommunale Miljøverk
- Trafikksikringsplan
- Kystsoneplan
- Hovudplan for vassforsyning.
- Risiko- og sårbarheitsplan
- Hovudplan for avløp.
- Oversiktsplan for skogbruket.

| | | |
|--|---|---|
| Kommuneplan – 2003 - 2015 Handlingsprogrammet 2003 Mål | Årsrapport 2003 Resultat | Evaluering, eventuell omprioritering til neste handlingsprogram |
| Administrasjon og forvaltning | | |
| Det skal utviklast retningslinjer for handsaming av dei ulike typar saker som kjem til handsaming. | Dette er gjort i føresegner og retningslinjer i arealdel til kommuneplanen. | Utval landbruk/teknisk bør vidareutvikla desse når planen er godkjent. |
| Saksgangen i alle forvaltningssaker skal effektiviserast ved innføring av nye dataprogram. | Dette har vore arbeidd med, men er ikkje gjennomført. | Tek sikte på innføring i 2004. |
| Bustadutvikling | | |
| Kommunen skal tilretteleggja for 29 nye bustadtomter i Vågsmarka. | Gjennomført innan revidert kostnadsramme på 3 million | Satsing nye felt skissert i ØKP 2003-2006, er redusert noko i ØKP 2004 – 2007 |
| Det skal utarbeidast føresegner for spreidd bustadbygging og huskryllar i LNF-sona som ein del av arbeidet med arealdelen. | Er gjort i føresegner og retningslinjer i kommuneplanen. | Bør utviklast vidare. |
| Bygg og eigedom | | |
| Frå ØKP – 2002 – 2005 Tilbygg Lunde skule, Klasserom, personalrom og ENØK-tiltak. | Overlevert 20 .02.03 Etablert innan kostnadsrammen på 5,75 million. Skulen er no den best oppdaterte på ventilasjon og brannførebyggjande tiltak og varsling. | Står att - å utvida SD-anlegget til å styra straumbruken i heile skulen. Berre dei nye romma er med no. - å utvida skuleplass og parkeringsplass - asfaltera privat tilkomst- |

| | | |
|--|--|--|
| | | veg etter avtale |
| Gjenoppbygging av Rådhuset etter brannen. | Overlevert 22.12.03. Noko restarbeid står att til våren 2004 Revidert kostnadsramme på 11,5 million vil halda for bygget sin del. | Ytterlegare tiltak er kravd i byggjeløyve - utviding brannvarslings – anlegg - etablering av rømningsvegar i resten av bygget. Brannsyn i 2004 kan medføra fleire krav. |
| Tilbygg Uggdal skule, personalrom og ENØK-tiltak. | Overlevert 19.11.03. Arbeidet er tiltak i hovudsak retta mot personalet. Noko arbeid står att / er trekt ut for gjennomføring i eigenregi våren 2004. Revidert kostnadsramme 3,986 million vil halda og kan gje rom for ytterlegare tiltak | Står att store manglar vedkomande brannsikring, varsling og innemiljø i hht gjeldande lover og forskrifter. Ikkje nytta løyving bør brukast etter nærare innspel frå LT til Brannsikring,- varsling / temperaturstyring eller 1 byggsteg Ventilering prioriterte klasserom tilpassa ØKP 2004 – 2007 ENØK-tiltak i 2006/2007 med kr 3,5 million |
| Bygging av flyktningbustader/bustader for unge. | Ikkje starta opp Klargjering i høve reguleringsplan pågår. Sterk motstand blant bebuarane. | Kommunen bør vurderer alternativ lokalisering. |
| Opprustning av Tysnes skule og Aldersheimen. | Tysnes skule: Tiltak i 2006 i ØKP 2003 – 2006 Ikkje vidareført i ØKP 2004 – 2007 | Store manglar barneskule, gymsal og symjehall Brannsikring, varsling og innemiljø i hht gjeldande lover og forskrifter. |
| Opprustning av Tysnes skule og Aldersheimen. | Tysnes Aldersheim: Opprusting kjøken. OK Kjøp av grunn til vegtilkomst, snuplass og parkering ikkje gjennomført. | Har intensjonsavtale med eigar grunn vegtilkomst. Eigar grunn snuplass / parkering, ikkje klar. |
| ENØK-tiltak felles BEF og Tysnes aldersheim | ENØK-prosjekt starta opp i nettverksgruppe mellom Ølen, Sveio, Fitjar og Tysnes. Samla prosjektkostnad kr 828 000. Tilskot frå ENOVA kr 368 000 Eigeninnsats 39 % Kommunebidrag 14% Kartlegging ferdig | Prosjektrapport med framlegg til tiltak vil bli lagd fram i 2004 Kommunen må rapportera straumforbruk i 3 år etter at prosjektet er avslutta, som oppfølging og kontroll på at tiltak vert iverksett. |
| Brannvarsling og sikring av rømningsvegar i alle bygg. | Tysnes aldersheim: Sprinkling 1+2 etasje OK. | Brannsyn 2003: Avdekka omfattande |

| | | |
|--|--|---|
| | Arbeid rømningsvegar starta utskifting dørar og tetting trapperom, laga sklie til trappene og ny utgang 1 etasje mot nord. | manglar bygningsteknisk vedkomande brannsikring, sikring rømningsvegar, sprinkling kaldloft, kjellar og vaskeri, manglande rømnings- og ledeljos samt manglande dokumentasjon brannvern og HMT. Prosjektgruppe etablert, laga handlingsplan. |
| Brannvarsling og sikring av rømningsvegar i alle bygg. | Omsorgs – og trygdeb.: Tilbod henta inn, gjennomføring 2004 og samordna barnehagar/PU-bustader. Arbeidet starta. Gjeld Brannvarsling og rømnings- / ledeljos. | Ytterlegare tiltak kan bli kravd som følgje av brannsyn i 2004 |
| Brannvarsling og sikring av rømningsvegar i alle bygg. | Verna bustader: Tilbod henta inn, gjennomføring 2004 Arbeidet starta. Gjeld Brannvarsling og rømnings- / ledeljos. | Ytterlegare tiltak kan bli kravd som følgje av brannsyn i 2004 |
| Brannvarsling og sikring av rømningsvegar i alle bygg. | Brannsyn: Det er varsla brannsyn på Uggdal skule i 2003. Vart mellombels utsett. | Brannsjefen har varsla brannsyn i alle §13 bygg, noko som vil kunne medføra omfattande tiltak ut over dei tekne med i ØKP 2004 – 2007. Sjå rapport frå Vernerunde 2003 / 2004 og ROS-plan 2002. |
| Ekstratiltak 2003 | Myklestad barnehage: Opprusta og brannsikra rømningsvegar for klargjering til bruk av 2 etasje i august 2003. | |
| Ekstratiltak 2003 | Sjukesignalanlegg sjukeheimen: Det gamle anlegget havarerte. Nytt etablert og ferdigstilt. Samkøyrte med det nye anlegget i tilbygget etablert i 2000. | |
| Ekstratiltak 2003 | Termofotografering sikringsskap og tavlerom: I samarbeid med WACO – vår forsikringsmeklar – utbetra påviste feil frå | |

| | | |
|---|--|---|
| | termofotograferinga WACO betalte. | |
| Driftsrelatert vedlikehald Andre bygg | Tiltak mot lekkasje røyr- opplegg loft sjukeheimen Tiltak etter havari / frost i ventilasjonsanlegg. Kostnad havari telefon- /brannvarslingsanlegg etter lynnedslag. | |
| Driftsrelatert vedlikehald Skular | Oppgradering havarert styring og dosering reinse- anlegg i Symjehall. Kostnad etter innbrot Ere- dal og Onarheim skule. Nytt felles nøkkelsystem ytterdører. | |
| Renovasjon og slam | | |
| Utføring av tenester og gjennomføring av hand- lingsplan i samsvar med interkommunal renova- sjonsplan. | Gjennomført : Klargjering grunnlag i Gab og eventuelle manglar i gebyrgrunnlaget pågått heile året og må halda fram i 2004. | Arbeidet må halda fram i 2004, betre datastyring må på plass, strukturering og tilgang til bruk av opplys- ningane i Gab og kartpro- gram, samt interne rutinar for vedlikehald av databa- sane må på plass |
| Veg | | |
| Kommunen skal utarbeida ein eigen vegplan. | Ikkje starta opp Av omsyn til Kapasitet | Vedtak om oppstart plan- arbeid og klargjering planomfang må på plass |
| Sikring av vegar og kaiar | Dampskipskaaien i Våge: Opprusta i samsvar med plan og revidert kostnads- ramme på 1,35 million Veg til Heningen : Noko bolta 2002. Står att sikring stor steinblokk i fjellskjæringa over båtla- get. Samlar årleg løyving i ØKP fram til tiltak kan starta i 2005/ 2006. | Øvrige kommunale kaiar: Sikring av kommunale kaiar må halda fram. Sjå rapport tilstand og sak. Øvrige vegar tiltak: Kartlegging tilstand bruar utarbeiding av handlings- plan. Kartlegging bereevne kommunevegane, utarbei- ding handlingsplan for- sterkingstiltak. |
| Kommunevegar Asfaltering | Veg til Kaldafoss sikra det penetrerte dekket med ny overflate – 2500 m. Veg til Eldholm 300 m Gangveg Sjukeheimen Gangveg Sauabakkane | |
| Utarbeida planar for gjen- | Plan for gangvegar: | |

| | | |
|---|--|---|
| nomføring av trafikksikringsplanen. | Ikkje starta opp som tenkt i Uggdal og Lunde. Ikkje gjennomført fysiske tiltak på riks-/eller fylksveg slik som i 2002 Planert fortau langs kommuneveg til Tysnes skule. Nytta overskotstein frå fleirbrukshallen. Formannskapet vedteke prøveordning med skilting av Gatetun i Bustadfelt. Vert prøvd i 2004. Skilt tinga. | |
| Vatn | | |
| Utføring av tenester og gjennomføring av handlingsplan i samsvar med kommunal vassforsyningsplan. | Vasslaga har i hovudsak ferdigstilt reinseanlegga i samsvar med Hovudplan Vassforsyning. Resttilskot vil bli utbetalt i 2004. | Godkjenning av vassverker er no overført Mattilsynet. |
| Avløp | | |
| Utføring av tenester og gjennomføring av handlingsplan i samsvar med kommunal renovasjonsplan. | Ikkje tiltak i ØKP 2003 Restarbeid – asfaltering - etter tiltak 2002 med omlegging trace v/ Eidaelva. I hht avtale med grunneigar | |
| Elveregulering / Vassdrag | | |
| Ekstra tiltak i Reiseelva etter flaum. | Tiltak gjennomført i hht plan utarbeidd av NVE. Kommunen tiltakshavar. NVE ansvarleg for prosjektering og utføring. I hovudsak finansiert av NVE. | |

Landbruk

Arbeidet med landbruksplanen vart i hovudsak fullført. Berre mindre arbeid stod igjen ved årsskiftet og planen er straks klar for politisk handsaming. Siste halvåret var landbrukskontoret i Os kommune ubemanna og personell herifrå overtok oppgåvene med arealforvalting og lovsaker m.m. samt produksjonstillegg. Dette var oppgåver som kom i tillegg til arbeidet her.

Husdyrtalet er i nedgong, med dei konsekvensar dette har, m.a. for kulturlandskapet og ”gjengroingsspøkelset”. Det er positivt at tal mjølkeprodusentar er så stabilt, likevel er det ein tankevekkjar når dei største sluttar med drifta. Det er desse som hittil har hausta hjå dei som alt har slutta å drive. Positivt er det og at husdyrhaldarar, som kvar for seg er så små at dei ikkje oppnår produksjonstillegg, går saman i fellesdrift. Dette har positive ringverknader på mange måtar og bør høve for fleire.

At ”Bygdeutviklingsprisen for Hordaland år 2003”, i hard konkurranse med mange gode kandidatar, vart tildelt Birgitta og Albert Muilwijk, var også ei svært gledeleg og oppmuntrande hending for landbruket og Tysnes.

Landbruksvikartenesta

Landbruksvikaren har vore nytta 111 dagar (130) til sjukdomsavløyning og 146 dagar (5) til andre oppdrag. 16 forskjellige føretak/bruk (7) har nytta seg at tilbodet. Dette er ei positiv utvikling der tal brukarar som nyttar seg av tilbodet har auka sterkt. Vidare er det gledeleg at auke i, og bruk til, andre oppdrag også er stor.

Tilskot frå staten til stillinga var kr 52.500 (52.500) medan det frå brukarane er motteke kr 100.043 (53.055) i eigenbetaling. Timepris for bruk er kr 100.

For avløyingsordninga under sjukdom m.v. blei det i 2003 gjennom 9 søknader refundert kr 118.768,-.

Jordbruk

| Husdyr i Tysnes kommune | | | | Jordbruksareal i Tysnes kommune | | | |
|-------------------------|------|------|------|---------------------------------|-------|-------|-------|
| | 2001 | 2002 | 2003 | | 2001 | 2002 | 2003 |
| Hest | 69 | 77 | 81 | Fulldyrka | 6752 | 6730 | 6657 |
| Mjølkeku | 379 | 356 | 354 | Overflatedyrka | 1268 | 1223 | 1187 |
| Ammeku | 44 | 45 | 46 | Innmarksbeite | 3892 | 4035 | 4177 |
| Ungdyr | 1110 | 698 | 670 | Kålrot/Raigras/Grønfor | 70 | 38 | 33 |
| Sau | 1837 | 1665 | 1596 | Poteter | 6 | 3 | 3 |
| Geit | 145 | 255 | 202 | Grønsaker på friland | 1 | 1 | 1 |
| Gris | 68 | 58 | 33 | Frukt og bær | 5 | 5 | 8 |
| Høns/livkylling. | 103 | 120 | 89 | Veksthus/drivbenker | 1,6 | 1,6 | 1,6 |
| | | | | Sum | 11996 | 12037 | 12068 |

| År | Produksjonstilskott | | Avløyingsordninga ferie/fritid | |
|------|---------------------|----------------|--------------------------------|----------------|
| | Brutto | Bruk som søkte | Utbetalt | Bruk som søkte |
| 2001 | 7.203.145 | 116 | 2.097.412 | 90 |
| 2002 | 9.785.850 | 104 (aug 02) | 1.419.657 | 81 |
| 2003 | 9.118.350 | 100 (aug 03) | 1.610.092 | 81 |

Miljøtiltak, Gjødelsplaner, BU, Org. beitebruk, Katastrofetap husdyr, Avlingssvikt, Verneverdige bygningar, Etablerarstipend, Kulturlandskapsmidlar, Dyrking, Grøfing, Jordarbeiding, Arbeidskraftstøtte.

4 grøfteplaner for tilsaman 41 da er ferdiggodkjent samt 2 for dyrking med 5 da, 1 søknad om BU-midlar er handsama samt 13 søknader om kulturlandskapsmidlar.

Samla tilskott: kr 154.420,-.

Saksmengd i utval for landbruk/teknisk

| | 2001 | 2002 | 2003 |
|-------------------------------|-----------|-----------|-----------|
| Antal møte | 10 | 7 | 9 |
| Saker handsama i utval | 29 | 23 | 30 |
| Saker handsama etter fullmakt | 18 | 18 | 30 |
| Sum saker | 47 | 41 | 60 |

Skog

Skogkulturaktiviteten i 2003 har gått drastisk ned. Årsaka til dette er nok i hovudsak at tilskota vart tekne heilt vekk. Dette gjaldt både kommunale og statlege tilskot.

Vegbyggingsaktiviteten er også lågare enn det som var budsjettert. Det vart ikkje løyvd noko statstilskot til skogsbilvegar i 2003. Dette fordi fylkesmannen sat inn med stort ansvar for tidlegare løyvingar. Kommunetilskotet låg fast, men dette utgjer lite og bidreg ikkje til aktivitets-skaping.

Hogst: Tysnes kommune har bra hogst samanlikna med andre liknande skogkommunar. Dette kan skuldast at prosjekt "Auka verdiskaping i regionen" har ein positiv effekt. Hogsten svingar mykje frå år til år. Dette kan nok delvis forklarast i prissingningar samt når hogstentrepener kan koma.

Skogavgifta: Det gjekk lang tid før Finandepartementet fekk avklara regelverket rundt skattefordelen på skogavgifta. Denne usikkerheita sette også ein dempar på aktiviteten.

Statistikk tilbake til 1999

Skogkultur

| Aktivitet | 2003 | 2002 | 2001 | 2000 | 1999 |
|--------------------------|-------------|-----------|---------------------|--------------------|--------------------|
| Nyplanting | 2750 | 17500 pl. | 20.000 pl. | 16.000 pl. | 26.050 pl. |
| Supplering | 0 | 3000 pl. | 0 | 1.250 pl. | 3.250 pl. |
| Markberedning | 0 | 4 | 196 daa | ----- | ----- |
| Juletre | 1100 | 500 | 7.000 pl. | 5.150 pl. | 650 pl. |
| Etterarbeid | 0 | 65 | 157 | 82 daa | 269 daa |
| Klargjering til planting | 0 | 29 | 24 | 50 daa | 13 daa |
| Hogst | 2952 | 924 | 3484 m ³ | 833 m ³ | 916 m ³ |
| Innest skogavgift 31/12 | 190044 | 189754 | 202080 | 189119 | 201447 |
| Innbet skogavgift | 105699 | 16840 | 89525 | 20476 | 26987 |

Vegbygging

| Vegklasse | 2003 | 2002 | 2001 | 2000 | 1999 |
|-----------------------|------|------|--------|-------|-------|
| Bilveg klasse 3 og 4 | 440 | 785m | 1150 m | 375 m | 295 m |
| Traktorvegar klasse 7 | 0 | 100m | 200 m | 250 m | 505 m |
| Enkle traktorvegar | 200 | 250m | ----- | ----- | 750 m |

| Utbetalt stats- og kommunetilskot 2003 | | Saker handsama i 2003 | |
|--|--------------|-----------------------|---|
| | Statstilskot | Kommunetilskot | 6 søknader om bygging landbruksveg |
| Veg: | Kr 166.367,- | Kr 42.806,- | 0 søknader om tilskot til skogkultur |
| Skogkultur: | Kr 0,- | Kr 0,- | 2 søknader om statstilskot til skogsvegar |
| Sum | Kr 270.466,- | Kr 77.742,- | 2 søknader om kommunetilskot skogsvegar |

Viltneemd

Saksmengde og type saker i viltneemda vert om lag som for fjoråret.

Statistikk tilbake til 1999

| | 2003 | 2002 | 2001 | 2000 | 1999 |
|---------------------|------|-------|------|------|------|
| Fellingsløyve | 374 | 365 | 346 | 295 | 290 |
| Felt | 318 | 283 | 277 | 258 | 250 |
| Fellingsprosent | 85% | 77,5% | 80% | 87% | 86% |
| Fallvilt/ Skadevilt | 9 | 3 | 4 | 7/1 | 7 |

| | | | | | |
|---------------------|----------|--------|----------|--|--|
| Avsett til Viltfond | 57.960,- | 14.078 | 62.000,- | | |
|---------------------|----------|--------|----------|--|--|

Statistikken over viser at hjortebestanden i Tysnes kommune framleis svært høg. Ny rekord i tal felte, og svært god fellingsprosent. Det same tyder og skadeomfanget på innmark, beite og skog på. Målsetjinga om å redusera hjortebestanden generelt bør derfor verta ståande.

Forskning: Det har vore gjennomført vårteljing og sett hjort registrering i kommunal regi også i år. Det er enno for tidleg å dra nokre konklusjonar om hjortestamma på bakgrunn av dette arbeidet.

Anna: Det er utbetalt skotpremie på 15 minkar.

Kart og oppmåling

Det har vore god budsjettoppnåing på gebyr. For 2003 vart tinglysingsgebyret sett opp frå kr 1005,- til kr 1400,- i første halvår, og for andre halvår til 1480,- utan at posten for tinglysing i budsjettet for 2003 er auka.

Kartlegging av strekkja Hodnanes-Lukksund er fotografert i 2003. Ferdig konstruert kart er venta ferdig hausten 2004. Målet med oppsetjing av vegnamnskilt i område Teigland-Våge er ikkje nådd .

Målsetjing for 2004

Oppsetjing av vegnamnskilt i område Teigland-Våge vil verta gjort våren 2004 av uteseksjonen. Målsetjing å få innført off.adr. i område Teigland-Våge i 2004/2005. Arbeidet er godt i gong. Sjølv om samarbeidet om GPS med Fusa fungerer bra ville det vore endå meir effektivt om kommunen hadde hatt sitt eige GPS-utstyr. Det vil verta lagt til rette i 2004 for innføring av Euref89 frå 01.01.2005. I Tysnes vil det verta laga Ortofoto i 2005 . Må takast med i budsjett for 2005. Det er framleis ei målsetjing at andre etatar, som kan ha nytte av kart, tek i bruk V/G-Innsyn.

Delingssaker

| STATISTIKK OPPMÅLINGS-AVDELINGA | 1999 | 2000 | 2001 | 2002 | 2003 |
|---|------|--------|------|------|------|
| Antal målebrev produsert | 26 | 46 | 18 | 35 | 55 |
| Antal tinglyste målebrev | 18 | 21(32) | 17 | 9 | 3 |
| Antal målebrev produsert, ikkje tinglyst | 17 | 25(26) | 5 | 26 | 52 |
| Antal tinglyste mellombels forretningar | 0 | 0(1) | 1 | 3 | 1 |
| Antal mellombels forretningar, ikkje tinglyst | 2 | 0 | 7 | 0 | 7 |
| Antal tinglyste registreringsbrev | 0 | 0 | | 0 | 0 |
| Antal registreringsbrev ikkje tinglyste | 2 | 0 | | 2 | 2 |
| Antal kravde kartforretningar | 40 | 53 | 35 | 41 | 82 |
| Antal seksjoneringar | | 1 | | | 1 |
| Saker i LANDBRUK/TEKNISK | 2 | 2 | 4 | | 4 |

Utvikling i gebyrinntekter

| | 2002 | 2003 |
|-----------|-----------|-----------|
| Budsjett | 350.000,- | 366.000,- |
| Rekneskap | 365.982,- | 366.000,- |

Selde tomter:

Det er 8 tomter i Vågsmarka 5 som enten er selde eller er tildelt.

Areal og byggesaker

Endringar i plan- og bygningsloven har medført store endringar og krav til meir omfattande sakshandsaming. På grunn av vanlege driftsoppgåver, saksmengde og pågang har det ikkje vore mogeleg å prioritere opplæring og tileigning av kompetanse for handheving av ny lov- endring på ein tilfredsstillande måte. Dette gjeld både for sakshandsamarane og forkontorpersonell.

Ny byggesakshandsamar har medført at ein er kome godt i gong med tilfredsstillande og betra handsamingsrutiner. Grunna stor saksmengde er me framleis litt på etterskot.

I 2002 vart nytt byggjesaksgebyr gjort gjeldande for søknader med kort ventetid.

Inntektsutvikling.

| | 2002 | 2003 |
|------------------------------|-----------|-----------|
| Stipulert inntekt. Budsjett. | 130.000,- | 130.000,- |
| Rekneskap | 132.336,- | 442.930,- |

Utvikling i saksmengde.

| PBL. | 2000 | 2001 | 2002 | 2003 |
|---------------------------------------|------|------|------|------|
| Bygningsråd/ UIII/ L/T to- talt | 160 | 164 | 185 | 283 |
| Andel delega- sjons-saker | 94 | 62 | 116 | 137 |

Tabellen viser **berre** saker som er handsama etter plan - og bygningslova, brannlova og forskrift om utslepp fra separate avløpsanlegg m.m. For andre type saker som er handsama etter jordlova, skoglov m. m. vert det vist til anna programområde. Det er framleis førespurnader, søknader og klagesaker i samband med hyttesaker i LNF -områda som krev ei relativt omfattande sakshandsaming. I tillegg kjem og byggje- og frådelingsaker for bustadhus m.m. Søknader om bygging i regulerte område, eller i område kor det er tilfredsstillande tekniske anlegg vert rekna som kurante saker. Søknader i LNF-områda såkalla § 7 saker/dispensasjonsøknader vert rekna som tidkrevjande saker. Sakshandsamingstid er om lag 6 md. For desse sakene er ein avhengig av politisk handsaming i min. to møte. I tillegg kjem handsaming i fylket hos både fylkesmannen og fylkesrådmannen m. fl. Nytt regelverk har medført at søknader i regulerte områder skal prioriterast.

Mål for 2004

- Kortare sakshandsamingstid.
- Innkjøp av dataprogram for betre sakshandsamingsrutiner.
- Opplæring og kursing av sakshandsamarane inkl. sekretariatspersonell.
- Betring av sjølvfinansieringsprosent.

Brannvern og feiing

Garasje/brannstasjon. Er moden for fornying. Gjeld særleg garderobar m.m.

Bilpark: Eldre depotbil Ford Transit varebil 1974 modell vil i løpet av 2004 verta erstatta med ny bruktbil.

Sløkkeutstyr: Brannvernet disponerer pr. d.d. tilfredsstillande sløkkjeutstyr.

Redningsutstyr: Frigjeringsutstyr er ikkje komplett. Det er stort behov for vinskj i samband med biluhell.

Røykdykking: For å kunna oppretthalda/vidareutvikla tenesta treng ein min. 3 nye røykdykkarsett.

Personleg utstyr: Ein del personleg verneutstyr og vanleg forbruksmateriell må fornyast.

Kommunikasjonsutstyr og alarmering: Har fungert tilfredsstillande. Ein del materiell er moden for utskifting. Gjeld personsøklarar og kommunikasjonsutstyr.

Bemanningssituasjonen

Mannskap: Mannskapsstyrken ved hovudbrannstasjonen har vore i samsvar med intensjonane i brannordninga. Nytt mannskap er rekruttert. På Nymark er det etablert rode med fire mann. Dette mannskapet er i ferd med å bli ein del av hovudstyrken. Vaktordning er ikkje etablert. På Reksteren har det ikkje lukkast å setja i verk same ordning som på Nymark.

Befal: Torfinn Kongsvik byrja i stillinga som brannmeister i november. Gjeldande brannordning føreset at brannvernet sitt overbefal skal bestå av brannsjef, varabrannsjef og ein brannmeister i heil stilling. For dei tre nemnde stillingskategoriene gjeld og vanleg beredskap- og forspenningstid. D.v.s. buplikt innanfor kommunen/sløkkjedistriktet.

Frå mai 1997 har kommunen vore uten varabrannsjef. I lengre periodar har ein dessutan og vore utan brannmeister. Manglande overbefalsordning medfører auka belastning for brannsjefen. Ein føreset at omstillingsutvalet tek omsyn til dette i samband med pågåande arbeid, slik at det kjem på plass ein varabrannsjef.

Opplæring

Ny reform krev omfattande opplæring som skal skje i regi av Norges brannskole. I 2003 fullførte 5 mann brevkurs i brannvern med påfølgjande 5 dagars praktisk kurs v/Bergen Brannvesen. Ein mann, Kåre Amland, fullførte 5 vekers befalskurs. Ein mann, Torfinn Kongsvik, fullførte 5 vekers grunnkurs. I tillegg til ekstern kursing har det og vore vanleg intern opplæring og kursing. Øving i samband med varm røykdykking har skjedd på Stord. Storparten av brannmannskapet har fått kompetansebevis for utrykningskøyretøy etter gamal ordning. Betydelige midlar er spart ved å nytta denne ordninga. Nytt mannskap må i samsvar med nye reglar ta nødvendig kurs for å kunna køyra utrykningskøyretøy. Pris pr. mannskap + kr. 50.000,-

Særskilde brannobjekt/brannsyn

Brannsyn har ikkje vore gjennomført etter intensjonane. Årsaka er primært manglande personellressursar, kapasitet/prioritering og skifte av personell.

Utrykningar

| | | | | | | | | |
|--|------|------|------|------|------|------|------|------|
| | 1996 | 1997 | 1998 | 1999 | 2000 | 2001 | 2002 | 2003 |
|--|------|------|------|------|------|------|------|------|

| | | | | | | | | |
|--------------------------------|----|----|---|----|---|----|-------|----|
| Brann i bygning | 6 | 2 | 1 | 3 | 0 | 2 | 2 (3) | 3 |
| Bilbrann | 2 | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 | 0 | 0 |
| Pipebrann | 10 | 2 | 1 | 0 | 0 | 4 | 1 | 11 |
| Gras, lyng og mindre skogbrann | 9 | 0 | 0 | 1 | 0 | 1 | | 5 |
| Unødig alarm | 1 | 2 | 1 | 2 | 2 | 2 | 1 | 0 |
| Annen assistanse | 0 | 3 | 1 | 5 | 0 | 3 | | 4 |
| Biluhell | 0 | 1 | 0 | 1 | 2 | 2 | 3 | 4* |
| Meld. om skogbrann | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | | 1 |
| (Bålbrenning m.v.) | 0 | 2 | 1 | 1 | 0 | 1 | 1 | 1 |
| Branntilløp i bygning | 0 | 0 | 1 | 1 | 0 | 2 | | 1 |
| Sum utrykkingar | 28 | 12 | 7 | 14 | 4 | 18 | 9(10) | 30 |

Eit biluhell med alvorleg personskade og eit biluhell med dødsfall. 2003 var eit relativt drastisk år sett i relasjon til antall og type utrykkingar. Ein må tilbake til 1996 for å finna eit nokolunde tilsvarende tal. Sjølv om talet pipebrannar dominerer statistikken vart det og andre spesielle utrykkingar. Dødsfall i samband med biluhell utgjorde den største belastning på mannskap. Andelen brann i bygning ligg på det jamne. Brann i bygning som står oppført i tabellen tenderer mot branntilløp. Andelen biluhell er aukande. Dette betyr at brannvernet må styrkjast når det gjeld utstyr og opplæring.

Brannøvingar, førebyggjande arbeid m.m.

Førebyggjande arbeid d.v.s. øvingar med skular, barnehagar og institusjonar har ikkje vore som forventa. Jf. her manglande personell/brannmeister. Formalisering av rode på Nymark er under etablering. Formalisering av rode Reksteren er ikkje iverksett. Brannvernet har ikkje operative røykdykkarar for alle fasar.

Brannordning

Ny brannordning vart godkjent av DBE i skriv av 09.11.98. Sjølv om brannordninga er godkjent er ikkje iverksetjing fullført på alle områder.

Feiarvesen

Jostein Meland vart tilsett som ny feiar i november. På same tid byrja Torfinn Kongsvik som brannmeister. Kongsvik fullførte obligatorisk grunnopplæring/svennebrev i feiarfaget v/ Norges Brannskole. Denne utdanninga vert ei god plattform for vidare utdanning og kursing m. o. t. brannfaget. Både Kongsvik og Meland må gå igjennom ei relativt omfattande kursing og utdanning i åra som kjem.

Mål for 2004

- Førebyggjande arbeid og iverksetjing av brannordning må prioriterast. For å få gjennomført tilfredsstillande brannsyn, må delar av tenesten kjøpast.
- Førebyggjande arbeid og iverksetjing av vanleg brannsyn i samband med utøving av feiartenesta.
- Oppstart av obligatorisk utdanning for feiaren.
- Iverksetjing av rode Reksteren.
- Vidareutvikling av rode Nymark.
- Opplæring av eksisterande og nytt mannskap. Gjennomføring av lovpålagd grunnutdanning v/NBS.
- Tilsetjing av varabrannsjef.

- Opplegg for proff debriefing etter spesielle hendingar.
- Kjøp av inspeksjonsutstyr for feiartenesta.
- Innkjøp av datautstyr/program for brann og feiartenesta.